



Saksnr  
18/1948-2

Løpenr  
27471/18

Arkivkode  
033 &00

Avd/Sek/Saksh  
SEN/SEN/KSVE

Dykkar ref

## REGLEMENT FOR HOVUDUTVALA I KLEPP

Vedtatt av Klepp kommunestyre, 17.12.2012 sak 96/12

### § 1 Arbeidsområde for hovudutvala

Hovudutvala er:

- Ansvarlege for samordning, utvikling og planlegging av den kommunale verksemda innan sin sektor og med andre sektorar i kommunen.
- Ansvarleg for ei planfast, rasjonell og økonomisk organisering av verksemda.
- Styre for institusjonar innan verksemda dersom anna ikkje er bestemt.
- Ansvarlege for nødvendig samordning og samarbeid med tilgrensande kommunale arbeidsfelt, og med andre offentlege og private organ med dei same eller liknande arbeidsoppgåver.

Hovudutvalet for helse- og omsorg er tillagt funksjonen som styringsorgan for helse, sosial og omsorgstenestene i kommunen.

Hovudutvalet for skule og barnehage er tillagt funksjonen som styringsorgan for grunnskulen, barnehage, kulturskulen og andre undervisningssaker.

Hovudutval for skule og barnehage er også tillagt funksjonen som innkvarteringsstyre og tilflyttingsnemnd (k.sak 67/06).

Hovudutval for lokal utvikling er tillagt funksjonen som landbruksnemnd, og elles dei funksjonane som har vore tillagt teknisk styre og kultur- og miljøstyret ( k.sak 05/03).

### § 2 Saker som hovudutvala har fullmakt til å avgjera

Hovudutvala gjer vedtak innanfor dei rammer og etter dei retningslinjer og føresegner som er fastsette i lov, gitt i heimel av lov eller vedteke i kommunestyret, mellom anna:

- Forvalta løyvde midlar til føremål innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader, gjeldande reglement for budsjettdelegering og vedtak i kommunestyret.
- Oppretta komitear for løysing av tidsavgrensa oppgåver og oppretta arbeidsgrupper av rådgjevande karakter.

Hovudutvala har direkte innstillingsrett til kommunestyret.

Økonomisaker og løyvingssaker (jfr Kommuneleva §§ 44 og 45), årsrapport, større plansaker, næringsaker og andre lovfesta saker skal gå til formannskapet, som innstiller til kommunestyret i desse sakene.



Visse saker av administrativ karakter skal etter hovudavtalen (sentral avtale arbeidsgjevar/arbeidstakarorganisasjonane) gå gjennom administrasjonsutvalet.

### **§ 3 Saker der hovudutvala har uttalerett**

Hovudutvalet har uttalerett i følgjande saker:

- Årsbudsjett, økonomiplan og planlegging innan sitt område .
- Saker som kan ha noko å seia for sektoren eller som krev samordna behandling i fleire sektorar.

### **§ 4 Om møteordninga**

Reglementet for møteordninga gjeld som for §§ 2-16 i reglement for formannskapet.

Klepp kommune, 04.01.2013